



Kalkingsprosjektet har hatt vore svært positivt i Uskedalselva. Her er Airlift i aksjon i haust. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Også i år har det generelt vore nok ein dårleg sesong for fiske etter laks og sjøaure i Kvinnherad-elvane. Men også i 2008 har Uskedalselva vore den desidert beste fiskeelva trass i lita vassføring..

Fylkesmannen har nå fått fangstrapportane frå elve- og grunneigarlaga og dei fortel både om lite fisk og få fiskarar.

Men i 'vår elv' er det teke 53 laksar med ei totalvekt på 198 kilo og 112 sjøaurer med ei totalvekt på 120 kilo, fortel fiskeforvaltar Atle Kambestad til Kvinneringen.

Laksefisket i elva har vore veldig bra og Kambestad reknar med at det er kalkingsprosjektet som gjer at laksen har kome tilbake. Når det gjeld sjøaurefangsten er den litt betre enn i fjor då det vart fiska 95 aurar.

Men samanlikna med dei skikkeleg gode sesongane i Uskedalselva for ein del år tilbake, er sesongen i år heller låber med omsyn til sjøaurefangstar, seier fiskeforvaltaren.

I Omvikkalselva vart det teke tre laksar og 12 sjøaurer medan Guddaldelva opererer med to laksar og tre sjøaurer.

Av Ola Matti Mathisen



Trond Mathisen var ein av fiskarane som gjorde god fangst i Uskedalselva sist sommar. (Foto: Terje Mathisen)